

Bringedalsbygda skule skal leggjast ned. Det vedtok kommunestyret torsdag med 18 mot 17 røyster. Når det skjer, vil borna i bygda få høve til å velja mellom å gå på Undarheim skule eller Uskedalen skule.

Kringsgrensene mellom Uskedalen og Bringedalsbygda, og Bringedalsbygda og Undarheim vert oppheva.

I vedtaket vert det ikkje sagt noko om kor Bringedalsbygdelevar skal gå på ungdomsskulen. I dag går elevar frå Bringedalsbygda på Husnes, medan elevar frå Uskedalen går dei tre siste åra i grunnskulen i Rosendal.